



VEDTEKTER

for

Fjellhug

natur- og friluftslivlag

Vedtekne på Årsmøtet 27. januar 2007

Paragraf 1:

NAMNET til laget Fjellhug natur- og friluftslivlag (heretter kalla Fjellhug). Laget er heimhøyrande i Sykkylven Kommune.

Paragraf 2:

FORMÅL: Fjellhug er eit fritt sjølvstendig lag som skal fremje berekraftig og naturvennleg friluftsliv og friluftslivsinteresser.

Paragraf 3:

MEDLEMAR i Fjellhug er dei som til ein kvar tid har betalt medlemsavgift for inneverande periode. Det er Styret si oppgåve å ha oversikt over medlemsmassen.

Paragraf 4:

ARBEIDSÅRET går frå Ordinært Årsmøte til neste Ordinære Årsmøte
REKNESKAPSÅRET følgjer kalenderåret.

Paragraf 5:

ORDINÆRT ÅRSMØTE er det høgste organet i Fjellhug. Dette skal gjennomførast kvart år innan utgangen av februar. Styret set opp sakliste og kallar inn til årsmøte.

Innkalling skal skje ved annonsering i lokalavisa, eller skriv i posten, minimum 2 veker i førevegen.

Rett til å delta på Årsmøtet har:

- Medlemar i Fjellhug
- Andre ikkje medlemar som er innvalde eller føreslått innvalde til verv i Fjellhug. Desse har ikkje røysterett.

Ingen kan møte med fullmakt

Saker som medlemane ønskjer tekne med på saklista, må vere innlevert til styret seinast 15. januar.

Vedtak på årsmøtet skal normalt fattast med vanleg simpelt fleirtal blant dei frammøtte. Skal vedtektene endrast, krevst det 2/3 fleirtal. Kvar medlem kan ikkje røyste med meir enn ei stemme. Når røystinga skjer skriftleg, reknar ein blanke stemmer som ikkje avgitte stemmer.

Saker som blir tekne opp utan å ha vore handsama i styret kan ikkje realitetshandsamast.

Årsmøtet skal:

Registrere frammøtte.

Godkjenne sakliste og innkalling

Velje ordstyrar og referent.

Velje ein person som saman med ordstyrar skal underskrive årsmøteprotokollen.

Handsame årsmeldinga frå styret og revidert rekneskap.

Handsame forslag frå styret og frå medlemane.

Fastsette medlemsavgift.

Innhente turforslag frå dei frammøtte.

Velje styremedlemar og varamedlemar som er på val. Styremedlemene skal veljast for to år om gongen, varamedlemar for eit år.

Velje leiar for eitt år om gongen.

Velje revisor.

Velje to personar til valkomite. Valkomiteen konstituerer seg sjølv.

Gi ordet fritt blant medlemene. Men saker som blir fremja på årsmøtet, kan ikkje realitetshandsamast.

Paragraf 7:

STYRET. Laget blir leia av eit styre med leiar og 4 medlemar med 2 varamedlemar. Leiar er valt av årsmøtet medan styret konstituerar seg sjølv. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er representerte. Gyldige vedtak blir gjort med minst 3 røyster. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme. Varamedlemar har røysterett når dei går inn i staden for styremedlem.

Styret skal setje i verk årsmøtevedtak og handsame dei sakene som kjem opp mellom årsmøta.

Arbeidsoppgåvene til styret er:

Arrangere årsmøte og lage årsmelding med revidert rekneskap.

Forvalte eigendelane til Fjellhug.

Sete opp turprogram og arrangere turar.

Informere medlemene om arbeidet i Fjellhug.

Styre økonomien i Fjellhug

Styret kan ikkje bruke lagsinntekter til anna enn turvande vedlikehald og drift.

Paragraf 8:

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE blir halde når styret eller minst ein tredjepart av medlemene i Fjellhug forlangar det. Det kan berre fattast vedtak i dei sakene som er nemnde i innkallinga. Møtet skal kunngjerast og innkallast på same måte som eit ordinært årsmøte.

Paragraf 9:

OPPLØYSING av Fjellhug kan vedtakast med 2/3 fleirtal av eit årsmøte, etter at oppløysinga har vore foreslått på siste ordinære Årsmøte. Minst halvparten av medlemene må vere representerte. Dersom ikkje så mange medlemmer møter, kan forslaget vedtakast på eit nytt ekstraordinært årsmøte med vanleg fleirtal blant dei som møter.


Ved oppløysing av Fjellhug skal eignerlutane fordelast etter Årsmøtets vedtak med 2/3 fleirtal.


Før oppløysing må Fjellhug sine plikter og eventuelle økonomiske fordringar vere dekte.


Paragraf 10:

TVISTAR: Alle tvistar mellom Laget og medlemene eller medlemene imellom, om korleis ein skal forstå eller gjennomføre desse vedtektene, skal avgjerast av ein valdgiftsrett med tre medlemmer. Avgjerda skal vere bindande. Partane vel ein medlem i valdgiftsretten kvar. Den siste skal oppnemnast av sorenskrivaren i distriktet. Før ein bringer saka inn for ein valdgiftsrett, skal Laget prøve å få til semje gjennom forhandlingar.

6220 Straumgjerde 31. januar 2007


Leiar i Fjellhug


Asgeir Tandstad, Skrivar på Årsmøtet


Åge Vanebo, vald til å skrive under